



FAGFORBUNDET

**Sør-Aurdal
2930 Bagn**

Dato 30.01.10

Høyringsdokument skolestruktur.

Utbygging på Bagn

Utbyggingsplanane for Bagn skule meiner vi ikkje er bra nok. Om ein gjer møterom om til arbeidsrom for lærarar og flytter møterom til der det idag står datamaskiner/læremidler. Kvar skal dette da stå? bør vere lett tilgjengelig for lærere/assistenter som bruker det kvar dag. Bagn Skule har problemer pr. idag med lagerplass.

Assistentar som arbeider ved skulen bør også ha arbeidsplass pga planlegging/ tilrettelegging av arbeider som elevane skal gjere (oftast spesialelevar) og SFO.

Det 5. grupperommet er ikkje med i planane som er lagde.

Utbyggingsplanane gjer heller ikkje rom for elevar frå Begnadalen, dersom dette skulle vere aktuelt ved evt seinare endringar.

Barnehage i Reinli

I høyringsdokumentet står parkering som ei utfordring. P-plass pr idag har plass til ansatte sine biler. Kvar foreldre som bringer/henter barn skal parkere bør planlegges/tilrettelegges med tanke på trafikkisikkerheit for liten og stor. Er mange bilar som skal ha plass sjølv om ikkje alle kjem på ein gong, dette er konsentrert på to timar morgon/ettermiddag.

Skoleskyss

Det er viktig at alle elevane får så kort reisetid som mogeleg.

Årsverk

Ser ikkje innsparinga her når det gjeld assistent som arbeider med spesialelevar. Elevane er der om skolene blir samanslege! Det er positivt med undervisning i små grupper når det går/elevane har omlag dei same behova. Kan ikkje "låse" desse ungane til å få undervisning i smågrupper, dei har svært ofte ulike behov.

Fagforbundet meiner det no er viktig at det blir teke eit endeleg vedtak i driftstilpasninga.

Ragnhild Kvale

Tillitsvald for områda skule og barnehage.

Fagforbundet
Sør-Aurdal
2930 Bagn

Telefon 61 34 85 07
Fax 61 34 85 01

Kontor - besøksadresse
Tingvoll
2930 Bagn



FAGFORBUNDET

**Sør-Aurdal
2930 Bagn**